


Sykkylven kyrkjelege fellesråd



Til
Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen,
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

27.08.2008

**Høyringsvar frå Sykkylven kyrkjelege fellesråd
ang. innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke".**

Fellesrådet beklagar at den korte tidsfristen vanskeliggjer ein god høyringsprosess.

Ein vil i denne samaheng spesielt påpeike:

- At arbeidsgruppa berre delvis har fanga opp dei reelle utfordringar som må løysast for å sikre eit styrka demokrati i DNK.
- At departementet derfor blir utfordra til ei breiare tilnærming til demokratiutvikling i det vidare arbeid.
- At innstillinga har for sterkt fokus på det nasjonale og regionale nivå.

Fellesrådet vil i denne omgang fokusere på det lokale nivå og støttar fylgjande:


- At kyrkjelege val blir lagt til ein felles offentleg valdag.
- At valet ikkje berre blir gjort "samtidig med", men også i eit lokale i nær tilknytning til dei øvrige offentlege val.
- At det blir etablert godtgjersle til medlemar av valstyre og stemmestyre.
- At det blir lettare adgang til å oppnå stemmerett i eit anna sokn enn der ein er busett.

Fellesrådet saknar:

- Generelt fokus på tiltak som kan styrke det lokalkyrkjelege demokrati.
- Tiltak som kan bidra til å styrke legitimiteten til lokale kyrkjeleg organ.
- Muligheit for forsøk også ved lokale val.

Fellesrådet om dei økonomiske og administrative konsekvensar:

Det er ikkje etter det vi kan finne, gjort noko økonomiske beregning av opplæringstiltak for medlemar som blir valde inn i sokneråd og fellesråd, men det blir understreka at opplæringa av sokneråd og fellesråd "videreføres og styrkes". Men mrk.: Det er berre konkret forslått avsetning av midlar til ein ekstra kursdag for nyvald medlemar ang."den indirekte valgkomponenten til Kirkemøtet", beregna til kr.2,2 mill.



Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Innstillinga virkar derfor på dette punkt lite gjennomtenkt. Fellesrådet vil understreke behovet for midlar til demokratiopplæring. Sidan hovudtyngda av dei folkevalde deltek på lokalt nivå, må tilskotet prioriterast til opplæring av sokneråds- og fellesrådsmedlemar. Dette må kunne gjerast langt meir kostnadseffektivt enn ca.kr.4000 pr.folkevald, som arbeidsgruppa har beregna til opplæring av nye bispedømeråds- og KM-medlemar.

Det kan t.d. beregnast eit årleg opplæringstilskot på kr.700 pr.folkevald (iflg.KA sine vurderingar), og at dette blir fordelt til dei enkelte fellesråd og KR/Bispedømeråda når det gjeld bdr/KM-medlemene, (ca.7 mill.)

I tillegg bør det avsettast kr.3 mill.årleg til utvikling, organisering og gjennomføring av nasjonale opplæringstiltak retta mot folkevalde. Her støttar fellesrådet seg til KA sine berekningar.

Når det gjeld kursing av valgansvarlege lokalt og i Bispedøma, støttar fellesrådet forslaget om ein særskilt sentral pott til dette i kvart valgår.

-Kostnader ved gjennomføring av val må utvidast til også å dekke anskaffelse av eigne valgurner for kyrkjevalga. Ved val på sokneråd er det tidlegare nytta kommunen sine valgurner. Utgiftene til dette blir iflg.KA anslått til ca.kr.2 mill.

-Fellesrådet ser også at bruk av valkort kan vere bra for å skape bevisstheit omkring dei kyrkjelege val. Om dette skal kunne prioriterast, avheng av dei totale rammene som blir stilt til disposisjon.

For Sykkylven kyrkjeleg fellesråd

Toril Løseth
Kyrkjeverje